

## **Innspel frå valnemda vedr. sak 10 Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret**

Bakgrunn:

Fylkesårsmøtet vedtek årleg satsar for refusjon og godtgjersle til fylkesstyret. Årsmøtet 2020 bør vedta satsar for det komande året.

Om arbeidet i fylkesstyret:

4H er ein frivillig organisasjon. Ein del av arbeidsoppgåvene til enkelte styremedlemer er likevel så store at det kan forsvare refusjon eller godtgjersle. Dette i tilfelle der ein har personlege utlegg eller tapte inntekter på grunn av vervet.

Dei siste fem åra har styremedlem fått dekka utgifter til telefon, utskrifter mm. på kr 500,- per år. Styreleiar har fått dekka telefonkostnader, nettforbinding etc. med kr 3000,- per år.

I tilfelle der styremedlemer utfører arbeidsoppgåver der dei har personlege utlegg eller tapte inntekter kan det verte betalt lønsgodtgjersle på kr 200,- per time.

Valnemnda meiner enkeltsummen for utgifter bør justerast litt opp for å dekke inflasjon og kronekurssvingingar dei siste åra, då vi har inntrykk av at meir og meir arbeid for både styreleiar og styremedlem foregår per telefon. Det er òg lurt å ta i betraktning ei auka arbeidsmengde for styremedlem som følge av effektiviseringa av organisasjonen. Lønsgodtgjersleordninga meiner valnemnda er god nok som den står i dag.

### **Framlegg til vedtak:**

*Styremedlem får dekka utgifter til telefon, utskrifter mm. på kr. 700,- per år. Styreleiar får dekka telefonkostnader, nettforbinding etc. med kr. 3.500,- per år.*

*I tilfelle der styremedlem utfører arbeidsoppgåver der dei har personlege utlegg eller tapte inntekter kan det verte betalt lønsgodtgjersle på kr. 200,- per time. Dette etter førehandsavtale med organisasjonsrådgjevar i kvart einskild tilfelle*

For valnemda i 4H Sogn og Fjordane,

Ole-Andreas Førde